

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>	
<b>Møtested:</b>	Quality Panorama Hotel, Heimdal
<b>Dato/tid:</b>	17. mars 2016 kl 10.30 – kl 16.30
	<b>Protokoll: 01/16</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b>	Ragnar Omli, Siri Fossum, Arnt Ove Løvås, Frode Haugland, Ragnar Valstad og Tore Johan Sandvik.
<b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>	Kari Anne Sklett, Ole Ivar Ness, Sigmund Johansen, Åge Guddingsmo, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Audun Fiskum, Tone Sklett, Gjermund Aglen, Petter A. Devik, Konrad Moum, Jørgen Sæther, Tore Rennan, Jostein Omli, Ole Edvard Silderen, Line Torill Fjellheim, Anders Røflo, Frode Fredly, Jørgen Baumfelder, Roald Hestegrei, Karstein Aksnes, Tore Moksnes, Tomas Vik, Ragnar Valstad, Håkon Fiskvik, Tore Tvette, Ingrun Sivertsen, Geir Håvard Valstad, Fridtjov Skjerve, Arve Okkenhaug, Toril Ofstad Selboe, Olav Hagerup, Kjell Joar Sunnset, Halvor Braa, Ellen K. Syrstad, Johan Heksem, Jens Gunnar Fløttum, Astrid Helen Gunnesmo, Bård Tore Berntsen, Trond Selmer Nergaard, Erik Kalstad, Eli Rostad Solhus, Kjell Størkersen, Torbjørn Flenstad, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Jens Harald Steen, Knut Byberg, Ole Sigbjørn Iversen, Kari Årvåg Goa, Stein Heggset, John E. Fiske, Trine Reinfjell Engdal, Lars Kristian Kvernberg, Per Marius Hafsås, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Lars Konrad Bolli og Jan Edvin Hoem.
<b>Valgkomité Midt-Norge:</b>	Bente Bjerkeset Solenes, Anders Røflo, Stein Aasmund Ørstad, Kåre Aakre og Halvor Braa
<b>Andre:</b>	Kolbjørn Frøseth (vara AU-medlem egg), Ingunn Vinge (årsmøteutsending), Kjetil Larsgard (sentral valgkomité), Terje Rømmen (kontrollkomitéen), Olav Håkon Ulfnes (gjest) og Nina Vangen Ranøien (gjest).
<b>Forfall:</b>	Kristin Waagen, Paul Woxeng Sollid, John Olav Halbostad (vara Audun Fiskum møtte), Marit Hoff (vara Petter A. Devik møtte), Lisbeth Aassve, Hans Petter Hestmo (vara Jørgen Sæther møtte), Svein Åge Frisendal, Tor Martin Eek, Torfinn Sivertsen (vara Roald Hestegrei møtte), Asle Garberg (vara Toril Ofstad Selboe møtte), Kristoffer Moan og Jorunn Karin Kvernen
<b>Konsernstyret:</b>	Oddveig Gikling-Bjørnå
<b>Administrasjonen:</b>	Hans Thorn Wittussen, Roy Albertsen, Hilde Stokke, Arnodd Kjenstadbakk, Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Brit Våga og Brit Kari Eidseflot Hauger
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger

<b>Sak nr</b>	<b>Sak</b>
<b>1</b>	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Ragnar Omli ynskete velkommen og Siri Fossum føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Tore Rennan og Torill Farstad Vågen vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

## 2 Årsmelding og rekneskap for Nortura SA

Oddveig Gikling-Bjørnå orienterte om rekneskap og resultat kvalitet 2015, konsernbalanse, forslag til disponering av årsresultatet og fordeling av egenkapital i konsernet. Vidare om salsutvikling pr veke 9 mot same periode i 2015, daglegvaremarknaden pr veke 9, PROFF-marknaden, industrial med volumindeks på 115,6 og rekordrask nedbygging av lager. Interesse for å etablere avtale om avvikling av kyllingproduksjon, status og vidare prosess for å teikne avtale, og Norgesgruppen er vinnarar på sal av kylling med Prior på laget. Hovudårsakene til overskridingane på Hærland, krevande innkøyringsfase men no går drifta som planlagt.

Ragnar ga ei oppsummering frå kretsmøta si behandling.

Spørsmål/kommentarar frå fylgjande: Arve Okkenhaug, Kolbjørn Frøseth, Sigmund Johansen, Halvor Braa, Kåre Aakre, Ingunn Vinge, Anders Røflo, Ingrun Sivertsen, Ole Sigbjørn Iversen, Jostein Omli, Tore Rennan og Tore Johan Sandvik.

- Er det sett noko mål for egenkapitalprosenten? Meiner det bør vere det.
- Etterbetalingsfond: Er opparbeidd i 2015, som nye produsentar i t.d. 2021 kan få utbetalt. Kvifor vert det ikkje etterbetalt for det året det vert opptent?
- Nokon kyllingprodusentar vert no utkjøpt, og vil ikkje få ta del i det som dei har vore med og bidratt til opptening av. Alle må få ta del i overskotet.
- Leverer Nortura til First Price?
- Kor stort overskot må Nortura ha neste år, for å kunne gje etterbetaling på 100 mill som lova neste år?
- Stor fallhøgde for styret med lovnad om 100 mill i etterbetaling neste år. Etterbetalingsfond: Må seiast rett ut at vi ikkje har tilstrekkeleg resultat for å gje etterbetaling i år. EK: Skremande at det ikkje er sett eit mål for EK. Egg: Saknar info om eggmarknaden i 2016.
- Spørsmål om lager: Skal vi ha stort lager og vere leveransedyktig? I den gode grillsesongen var det godt å ha lager av svinekjøt.
- RU-møtet kan lage forslag til vedtak med spørsmål til årsmøtet om målsetjinga for etterbetalingsfondet. Vi må få klare tilbakemeldingar, kan ikkje vere slik at ting alltid skal takast med vidare.
- Kven veit kva kvart anlegg og dyreslag som bidreg til resultatet? Kvifor får vi ikkje vite det? For analysen av drifta må styret vite det. Storfekjøtkontroll og Kukontroll «snakkar ikkje saman», bør samordnast.
- Som kyllingprodusent har eg hatt store kostnader. Vil heller ha dei utbetalt no, framfor seinare.
- Inderøy hadde under 10 % oppmøte. FK og TINE har hatt betydeleg større oppmøte i kretsen. Vi har hatt dagmøte, må sjå på om vi når fleire med kveldsmøter. Er det skilnad i oppmøteprosent på dag- og kveldsmøter?
- Forslag til årsmøtet: Styret har vedtatt etterbetalingsfond. Etterspør kriterier for korleis dette skal nyttast, for å kome krav om EK i møte. Viktig å vite kva føremålet og strategien med fondet er. I Trondheim-kretsen kolliderte kretsmøtet med årsmøte i fjørfelaget.
- Fordeling av kostnader mellom dyreslag: Nortura utarbeider driftsplaner for bruksutbygging. Godt grunnlag for søknader til Innovasjon.
- Oppstart ammeku er kapitalkrevande. Renta til Nortura er vel høg, bør strekke seg langt for å få i gang produksjonen. Kjøp av kalv byrjar å spise opp fortienesta. Mjølkeprisen er bra, og kalven bør ikkje vere overprisa.
- Kretsmøta og oppmøte: Handlar om tilhøyrigheit og kommunikasjon. Tillitsvalgt nytt vert utsendt, og fleire kunne hatt godt av den infoen, kunne gjerne vore utsendt til samtlege, skapt tilhøyrigheit og oppmøte på kretsmøte. Etterbetalingsfond: Burde vore utbetalt i år, no akkumulert for å nå det hårreisande målet for neste år.
- Medlemskapitalkonto: Vert vi skatta på utbetalinga neste år?
- Etterbetalingsfond: Kriteriar er etterpurt. Skuffande at tanken ikkje er tenkt vidare om

	<p>korleis det skal takast vidare, verkar å vere hastearbeid for å auke EK. Støttar at RU må kome med ein uttale om korleis dette skal takast vidare.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skeptisk til at RU-møtet skal gje føringar for korleis overskotet skal forvaltast. I skattesamanheng føringar for kva det skal kallast. Må ikkje ta frå styret verktøy.</li> <li>• Saknar tilbakemelding frå styret på kva som er tenkt med etterbetalingsfondet, ikkje å legge føringar.</li> </ul> <p>Oddveig, Hans Thorn og Ragnar kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Kolbjørn Frøseth, Halvor Braa og Tore Johan Sandvik fekk i oppdrag å utarbeide eit forslag til vedtak vedk etterbetalingsfondet, for diskusjon under Open post.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b>  <b>Regionutvalet tek gjennomgangen av årsmelding og rekneskap, samt oppsummeringa frå kretsmøta til orientering.</b></p>
<p><b>3</b></p>	<p><b>Revitalisering av kretsmøta</b></p> <p>Ragnar orienterte om kretsane sine tilbakemeldingar.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Ellen K. Syrstad, Jostein Omli, Steinar Lium, Anders Røflo, Jørgen Baumfelder, Arve Okkenhaug, Bård Tore Berntsen, Arnt Ove Løvås og Ingunn Vinge.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Auka eigarengasjement: Etterlyst rekneskap for kvart dyreslag og fabrikk. På kretsmøta fått meir utdjupa info enn i dag. Føler ei sortering av info, med mindre info her enn på kretsmøta. Veit at det vil vere skilnad mellom dyreslag og anlegg. For oss i Trøndelag viktig å vite korleis det vert drive på Malvik og Steinkjer. Større eigarforhold til det som er nært oss, vil gje større engasjement.</li> <li>• Kva er vi ute etter, å spare pengar eller større oppmøte? Viss vi vil ha større engasjement må vi ikkje slå saman noko. Veldig lokalt vil gje større oppmøte.</li> <li>• Stormøte har vi prøvd på Fosen med styreleiar og felles møte for 3 kretsar. Hadde ikkje større oppmøte enn ved separate møter. Større møter vil gje redusert oppmøte.</li> <li>• For lange avstandar mellom møta og fjerne vala er mest effektive måten å drepe kretsmøta. Årsmøte i Geno hadde forslag om elektronisk val, men det vart avvist. Er det gjort noka gransking av kor langt folk vil køyre for å kome på kretsmøte? Ikkje mange som vil køyre eit par timar på kretsmøte. RU-møte på hausten må behaldast, viktig kontaktpkt for oss tillitsvalde. Vi skal ha fram nye tillitsvalde, må ha plassar å treffast, lære og utvikle oss. Også viktig for valkomiteen å møte tillitsvalde regionalt og lokalt for å finne kandidatar.</li> <li>• Trasig at Fosen ikkje lukkast med fellesmøte i fjor. I Verdal er det dei same 40 personar som kjem kvart år. Vi vil neste år ha felles møte med buss med Levanger og evt Frosta. Ikkje slå saman kretsane. RU-møtet på hausten må fortsette, vi rekk ikkje det vi skal med berre ein dag.</li> <li>• Må ha kretsmøta på det nivået vi har i dag, har 3 timars køyring frå kvar ende i kretsen. Vore interessant å prøve eit stormøte med mykje fagleg stoff. Bra med Levende landbruk-møte i haust, invitere fleire med frå kretsane på slike møter for fagleg påfyll og sosialt treffpunkt. Dette kostar, sparer ikkje pengar, må bruke pengar for å skape engasjement. I tillegg eit kretsmøte på det nivået vi har i dag.</li> <li>• Oppdal og Rennebu har ikkje større oppmøte enn då vi var separat. Må ikkje vere større enn i dag. Kva skal vi gjere for at dei som ikkje kjem møter? Oppmøtegåve kan vere løysing, men i år fekk alle på førehand og trong ikkje møte opp. Kretsmøta må vere lokale. I år mindre generell info og betre tid til diskusjon. Får ikkje auka oppmøte med lenger køyreavstand.</li> <li>• FK meir bevisst på å skape positiv entusiasme, med bodskap og fokus. Velje å sjå på det positive, med bondens selskap som skaper verdi og står opp for bonden sine interesser. Ha fokus på dette også i kretsmøta. Stolt av det i den perioden Nortura har vore gjennom.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lite ambisiøst at vi nesten skal på heimebesøk for å auke oppmøtet. Innhaldet må vere viktig, at det er noko folk ikkje vil gå glipp av.</li> </ul> <p>Ragnar kommenterte.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Regionutvalet tek oppsummeringa frå kretsmøta si behandling av revitalisering av kretsmøta til orientering.</b></p>
<p><b>4</b></p>	<p><b>Nortura er midtvegs i ein ambisiøs strategiperiode – når vi måla?</b></p> <p>Hans Thorn orienterte om at fyrste milepæl i strategien er nådd og to gjenstår, utanforståande faktorar bidreg til endringsbehovet, forbrukartrender skaper nye mogelegheiter, forventna utvikling i detaljsal 2015 – 2025, strukturert arbeid med inntektsvekst, Nortura spelar ei heilheitleg rolle i kategoriane, vi har reagert på trendane i marknaden og tilpassar oss i forhold til produktutvikling og kunde – leverandør forholdet, salskampanjar som vinn hopptårnet og pølsevalet, kjedetilpassa produkt på kylling og Polarlam, to-årig avtale med Coop på raudt kjøt, nye salskanalar for merkevarene våre, Kjøttcompagniet skal utvikle og selje matspesialitetar, innovasjonsfokus i strategiperioden, innovasjonsprosjekt, enzymatisk hydrolyse er ei stor mogelegheit, protein har potensiale i mange marknader, partnerar og målsetjing, vekst på ikkje-tradisjonelle område, kjøtfrie produkt, og langsiktig arbeid med forskning og utvikling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Sigmund Johansen, Konrad Moum, Ellen K. Syrstad og Kåre Aakre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Er Nortura på eigarsida i marked.no?</li> <li>• Tilsvaranda som grasføra kyr, kan det fokuserast på lam på beite i større grad?</li> <li>• Forsking: Kvar er dei forskarane som kan seie at CO<sub>2</sub> vert bunde i gras?</li> <li>• Narasin i kyllingfôret burde ikkje vere overraskande fokus, slike tabbar må vi ikkje ha fleire av. Soyaimport og palmeolje er andre døme.</li> <li>• Vert det tatt patent på ny teknologi?</li> </ul> <p>Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>5</b></p>	<p><b>Open post/lokale saker</b></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jan Edvin Hoem, Tore Rennan, Jostein Omli, Bård Tore Berntsen, Arve Okkenhaug, Jørgen Baumfelder og Kolbjørn Frøseth.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Marknadssituasjonen på gris: Varsla prisoppgang er kansellert. Nødvendige tiltak må setjast i verk så snart som mogeleg.</li> <li>• Fokus på sal av livdyr og klauvsjukdomar: Smittsom sjukdom, treng ikkje ha symptom, og kan oppdagast ved klauvskjering. Er mange buskapar som ikkje skjer klauver eller skjer sjølv. Vurdere krav om at det ved livdyrsal skulle ha vore klauvskjering, for å få kontroll over sjukdomen. Dei som utfører klauvskjering vert no straffa.</li> <li>• Spørsmål om innkøyring av ull, som har ligge i over eitt år. Kor ofte kan vi forvente innkøyring? Er lagertilskotet ein fast sum eller basert på kor lenge det ligg på lager?</li> <li>• Marknadssituasjonen: Prognosane i haust basert på dyr på beite. 40 % av lamma kjem frå mindre bruk og eldre brukarar. Er ei utfordring for næringa framover. Einsidig fokus på overproduksjon no. Matproduksjonen skal aukast med 1 % for året, i Midt-Norge mål om 2 %. Vekst på matproduksjonen kan skje best på beite. Grasføra kjøt frå kyr er ein liten ressurs. Lamma er grasføra. Vert no sett på lam som eit problem, men er same produksjonen som for 10 år sidan.</li> <li>• På kyllingmøte med Sveinung Svebestad i februar på Levanger vart det spurt etter kyllingslakteri. I Prior når kyllingslakteriet på Tunga vart nedlagt vart det vedtatt at produksjonen i Trøndelag skulle vere på eit visst nivå. Sveinung uttalte at dette vedtaket</li> </ul>

	<p>skulle bort. Vart oppfatta som at Nortura ikkje ynskjer kyllingproduksjon i Midt-Norge. Til de som skal på årsmøtet: Oppfordrar om at dette vedtaket ikkje skal fjernast, er prinsipiell sak. Tillitsvalgnytt: Same dag som møtet på Levanger står det at kyllingstrukturen er lagt med 3 slakteri. Står ikkje noko om Midt-Norge der, som kan tolkast som at kyllingproduksjonen her skal nedleggast. Problem når det ikkje vert lese korrektur, kva skal vi som står oppe i dette tru?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• På førre RU-møte fleire som var urolege for overproduksjon på gris. Sidan gjort 5 nye avtalar med produksjon av slaktegris + at det har vorte overproduksjon. Vi skal vere lojale mot Nortura, men er det ikkje like viktig at Nortura er lojal mot grisebøndene?</li> <li>• Det er slaktegrisen som gjev overproduksjonen, og den ligg under marknadsregulering. Feil å oppfordre til omlegging til slaktegrisproduksjon.</li> </ul> <p>Hans Thorn, Bjørn og Hilde kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Kolbjørn Frøseth la fram fylgjande: «Styret har vedtatt etterbetalingsfond på 110 mill i regnskapet for 2015. Regionutvalget i Midt-Norge etterspør hvordan styret har tenkt at dette skal disponeres fremover. Regionutvalget i Midt-Norge mener at det er viktig at dette fondet ved fremtidige utbetalinger tar hensyn til de som har bidratt til opptjening til dette fondet i det enkelte året.</p> <p>Forslag til vedtak: Årsmøtet vedtar at det utarbeides en rapport som synliggjør hensikten med fondet. Denne rapporten gjøres tilgjengelig for alle eiere i løpet av 2016.»</p> <p><b>Forslaget vart samrøystes vedtatt.</b></p>
<p><b>8</b></p>	<p><b>Val</b></p> <p>Det var 62 stemmeberettiga tilstades. Bente Bjerkeset Solenes la fram valkomitéen si innstilling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Arve Okkenhaug og Frode Haugland.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle dyreslaga representert i AU, vara AU er ein som har slutta med kylling. Lite gris og kylling elles. Alle dyreslag skal vere representert. Dette er for dårleg. Viktig å få med alle dyreslag i ein valkomité. Forslag på Tore Rennan i staden på for Jan Arne Skarsvaag i valkomitéen.</li> <li>• Har vore god tid til å kome med innspel til valkomitéen, vert feil å kome med kritikken no.</li> </ul> <p>Bente svarte.</p> <p><b>Leiar i arbeidsutvalet:</b> Ragnar Omli, Snåsa. Valet var skriftleg og Ragnar Omli vart valt for 1 år med 60 stemmer, 2 blanke.</p> <p><b>Nestleiar i arbeidsutvalet:</b> Olav Håkon Ulfsnes, Aure. Valet var skriftleg og Olav Håkon Ulfsnes vart valt for 1 år med 61 stemmer, 1 blank.</p> <p><b>Medlemar i arbeidsutvalet:</b>  <b>Arbeidsutvalsmedlem storfe:</b> Trude Sandstad Eldnes, ny for 2 år  <b>Arbeidsutvalsmedlem småfe:</b> Ragnar Valstad, Levanger, attval for 2 år  <b>Arbeidsutvalsmedlem gris:</b> Rigmor Hustad, Steinkjer, ny for 2 år  <b>Arbeidsutvalsmedlem egg:</b> Kolbjørn Frøseth, Trondheim, ny for 2 år</p> <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p> <p>Øvrig arbeidsutvalsmedlem var ikkje på val: Arbeidsutvalsmedlem fjørfe: Arnt Ove Løvås, Melhus.</p>

**Varamedlemar til arbeidsutvalet:**

- Vara arbeidsutvalsmedlem storfe:** Åge Guddingsmo, Grong, ny for 1 år  
**Vara arbeidsutvalsmedlem småfe:** Bård Tore Berntsen, Rennebu, attval for 1 år  
**Vara arbeidsutvalsmedlem gris:** Tomas Vik, Frosta, attval for 1 år  
**Vara arbeidsutvalsmedlem fjørfe:** Jørgen Sæther, Namdalseid, attval for 1 år  
**Vara arbeidsutvalsmedlem egg:** Ivar Wang, Inderøy, ny for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Utendingar til årsmøtet, i tillegg til arbeidsutvalet:**

- Jørgen Sæther, Namdalseid, for 2 år  
Ivar Wang, Inderøy, for 2 år  
Åge Guddingsmo, Grong, for 2 år  
Jørgen Baumfelder, Verdal, for 2 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige årsmøteutendingar var ikkje på val:

- Kristin Waagen, Tingvoll  
Bård Tore Berntsen  
Tomas Vik, Frosta  
Ingunn Vinge, Frosta  
Ole Sigbjørn Iversen, Smøla

**Varautsendingar til årsmøtet:**

1. Halvor Braa, Trondheim, for 1 år
2. Jostein Omli, Steinkjer, for 1 år
3. Aud Dagmar Ramdal, Lensvik, for 1 år
4. Marit Hoff, Fosnes, for 1 år
5. Ole Per Nøsen, Fræna, for 1 år
6. Steingrim Viken, Oppdal, for 1 år
7. Tore Rennan, Steinkjer, for 1 år
8. Steinar Lium, Ørland, for 1 år
9. Trond Petter Ristad, Overhalla, for 1 år

Alle vart samrøystes valt for oppført periode.

**Valkomité i regionutvalet:**

Valkomitéen sitt forslag var:

- Jan Arne Skarsvaag, Åfjord, for 2 år  
Jorunn Gunnerød, Molde, for 2 år  
Stein Aasmund Ørstad, Oppdal, for 2 år

Arve Okkenhaug føreslo Tore Rennan som ny medlem i valkomitéen i staden for Jan Arne Skarsvaag.

Valet var skriftleg. 57 stemmer avgitt, med 45 stemmer for Jan Arne Skarsvaag. Jan Arne Skarsvaag vart valt for 2 år.

Øvrige valkomitémedlemar vart samrøystes valt for oppført periode.

Øvrige valkomitémedlemar var ikkje på val:

- Halvor Braa, Trondheim

	<p>Kåre Aakre, Nærøy</p> <p><b>Leiar i valkomitéen:</b> Halvor Braa, Trondheim, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Nestleiar i valkomitéen:</b> Stein Aasmund Ørstad, Oppdal, samrøystes valt for 1 år</p> <p><b>Varamedlemar til valkomité i regionutvalet:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Ingunn Vinge, Frosta, for 1 år</li> <li>2. John Olav Halbostad, Høylandet, for 1 år</li> <li>3. Bjørn Svorkdal, Orkdal, for 1 år</li> </ol> <p>Alle vart samrøystes valt for oppført periode.</p>
<b>7</b>	<p><b>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</b></p> <p>Kjetil Larsgard orienterte om valkomitéen sitt forslag.</p> <p>Ingen spørsmål/kommentarar.</p>
<b>8</b>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Roy Albertsen orienterte om at stadig fleire vel Nortura og vi har no 19 300 eigarar, tilførselar og marknadsandelar på gris, småfe og storfe i Midt-Norge, livdyrsal, underskot fôringsdyr, arbeidet med kontinuerleg forbetring (KF) på livdyr, ambisjon om 4 500 nye ammekyr pr år, stor interesse for ammeku i regionen, pågåande prosjekt, rådgjeving storfe, aktivitet team småfe og gris, samt marknadsprognose 2016. Fabrikkinfo Malvik og Steinkjer: Utvikling driftsresultat for Steinkjer 2011 – 2015, driftsresultat Malvik 2010 – 2015, slaktning og skjering storfe og ny ekspedisjon. Inntransport: risikovurdering av inntransport og Nortura sitt ansvar og kva krav Nortura stiller til selskapa.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Ellen K Syrstad, Bård Tore Berntsen og Jørgen Baumfelder.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Veldig fornøgd med inntransporten, dei er veldig punktlege. Medlemssenteret er veldig forekomande og hjelpsame.</li> <li>• Kvifor prognosert lågare sal av lam fram mot sesongen no enn i fjor?</li> <li>• Vil berømme veldig rask og god handtering etter MRSA-utbrot.</li> </ul> <p>Roy kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<b>9</b>	<p><b>Arbeidet i kretsane og regionutvalet</b></p> <p>Ragnar orienterte om arbeidet i arbeidsutvalet. Vidare om kretsutvalet sine oppgåver, korleis kretsutvalet kan skape tilhøyrigheit til Nortura, tilførselsarbeid og budsjett. Brit Kari vil ha handlingsplan frå kretsane innan 1. mai.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Kari-Anne Grandaunet Jensen og Kåre Aakre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nortura-kle: Dårleg passform til kvinner.</li> <li>• Viktig for oppmøte på kretsmøta med god møteleiing. Vert det tilbydd skulering til nye kretsleiarar?</li> </ul> <p>Ragnar og Brit Kari kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>

Ragnar takka Siri Fossum, Nina Vangen Ranøien, Tore Johan Sandvik og Frode Haugland for innsatsen som tillitsvalde i regionutval Midt-Norge.

Ragnar Omlie  
(sign.)

Tore Rennan  
(sign.)

Torill Farstad Vågen  
(sign.)